



Vurdering for utvikling

Rapport



Veke 12(19.-21.mars) 2018

Tema: Det er eit inkluderande barnehagemiljø i Holmedal barnehage

Holmedal den 22.mars 2018

Marie Hendrix

Åsmund Berthelsen

Innhald:

1.Føreord	2
2. Oppsummering	3
3..Fakta om barnehagen og val av vurderingstema	3
4. Frå vurdering til endring av praksis	4
5. Kvalitetsmål og teikn på god praksis (Framtidsbilete)	4
6. Vurderingar (god praksis og praksis som kan bli betre)	6
7. Idear	12
9. Vidare arbeid	12
10. Vedlegg:	13
Deltakarar i vurderinga	13
Tidsbruk	13
Metodar og verktøy	14
Samtaleguidar og skjema	14

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærarar og barnehagelærarar i regionen. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnhage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leier arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg.

"Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organisering og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skoleeigar har ansvar for å sjå til at vurderinga vert gjennomført etter føresetnadene».

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast.

"Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen."

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye auge. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilete av kvaliteten i barnehagen, men skal vere eit bidrag til kva skulen/barnehagen må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: www.hafs.no om lag ein månad etter vurderinga.

Mars 2018

Åsmund Berthelsen

Utviklingsleiar for barnehage og skule
Oppvekst og utdanning i HAFS
Mobil: 99318698
E-post: Asmund.Berthelsen@fjaler.kommune.no

2. Oppsummering

Barnehagen oppfyller alle kvalitetsmåla i framtidsbilete, og vi ser god praksis på alle kjenneteikna. Barnehagen har utfordringar og praksis som kan bli betre, på nokre av teikna, mellom anna å få ein meir eins praksis for korleis dei tilsette møter born om morgonen, og korleis dei gjev tilbakemelding til foreldra.

Borna seier dei har det bra i Holmedal barnehage og tykkjer det er gøy. Borna har eit inkluderande språk og inviterer kvarande inn i leiken.

Holmedal barnehagen vert opplevd av vurderarane som ein varm og inkluderende barnehage, noko som både born, foreldre og tilsette bekrefter. Og det vert arbeidd med å utvikle dette vidare og verte endå betre. Frå planane kan me lese at dei bruker praksisfortellingar for å drøfte praksis. Me har sett døme på at ny kunnskap fører til endringar i praksis. Foreldra medverkar også i arbeidet med eit inkluderande miljø med at dei snakkar om alle borna heime, og ikkje nyttar bestevenomgrepet. Dei har også ei facebook-side der alle vert inviterte til å vere med på ting.

3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema

I Holmedal barnehage er det 24 plassar og 18 ungar. Når det kjem ein unge til etter påske, er det fullt alle dagar. Barnehagen held til i eit gammalt bustadhus, og det er stort behov for betre lokalitetar. Barnehagen har sju tilsette, styrar, to pedagogar, to fagarbeidarar, ein assistent og ein reinhaldar.

Temaet for vurderinga er valt fordi kommunen har det som satsingsområde, og fordi ståstadsanalyse synte at det var behov for å betre praksisen. Dei eldste i barnehagen fekk

ei ny rolle når svært mange byrja på skulen. Ein motor i leiken var borte. Personalet såg at det skjedde, og at dei måtte gjere noko med det.

Styraren har vore fråverande på grunn av sjukdom i vurderingsveka.

4. Frå vurdering til endring av praksis

Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet. Modellen har fem steg:

Velje område
Lage framtidsbilete (kriterium og teikn på god praksis)
Hente informasjon
Gjere vurdering
Spegle attende

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det barnehagen sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med eigaren og regionen.




5. Framtidsbilete

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, rammeplan eller barnehagen sine eigne planar.

Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og barnehagen, og til slutt godkjende av barnehagen.

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
<p><i>Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap.</i></p> <p>Rammeplan for barnehagen, side 11</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Barna inviterer inn og opnar for at fleire kan bli med i leik og aktivitet 2. Barna har eit inkluderande språk 3. Barna står opp for kvarandre, hjelper kvarandre og hentar ein vaksen ved behov 4. Barna erfarer at dei tilsette grip inn ved plaging og utestenging i leik
<p><i>Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap.</i></p> <p>Rammeplan for barnehagen, side 22</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tilsette legg til rette for/set i gong inkluderande aktivitetar/leik med særleg fokus på barn som treng støtte og rettleiing 2. Tilsette har eit inkluderande språk prega av omsorg, respekt og anerkjenning, overfor barn, foreldre og kvarandre 3. Tilsette vekslar mellom å vera støttande, deltakande og tilbaketrekte, men likevel tilgjengelege for barna 4. Tilsette observerer leiken for å kunne rettleia barna og bidra til å utvikle leiken
<p><i>Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.</i></p> <p>Barnehagelova §1</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Foreldre opplever at barnet deira er inkludert og har nokon å leike med i barnehagen 2. Foreldre kjem med tilbakemeldingar, og tilbakemeldingane vert handsama med respekt 3. Barnas trivsel, leik, læring og utvikling er tema i samtalar og møte mellom barnehagen og føresette 4. Foreldre og tilsette jobbar saman for å utvikle ein inkluderande barnekultur slik at alle barn får delta i leiken
<p><i>Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon.</i></p> <p>Rammeplan for barnehagen, side 37</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det er sett av tid på alle møte til å drøfte og reflektere over praksis. 2. Ny kunnskap og innsikt fører til endring av praksis. Endring av praksis vert følgt opp. 3. Dei tilsette har kompetanse på å avdekke, stoppe, handtere og følgje opp krenkande handlingar og uheldige sampelsmønstre 4. Alle opplever støtte og rettleiing frå næraste leiar



6.Vurderingar

Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap.

Rammeplan for barnehagen, side 11

Barna inviterer inn og opnar for at fleire kan bli med i leik og aktivitet .

God praksis:

Vurderarane har sett fleire døme der barn inviterer andre barn inn i leiken.

I barneintervju fortel barna at det ein regel at ein ikkje har lov å stengje nokon ut. På veggen inn i garderobe såg me ein plakat som formidlar kva dei store barna meiner med: alle skal vere med, i praksis.

Barna har eit inkluderande språk

God praksis:

Vurderarane har hørt at barna seier unnskyld når dei kjem bort i kvarandre og at dei inviterte andre barn til å komme og sitte ilag. Me har og høyrte at dei ropar på kvarandre for å invitere inn i leiken.

Praksis som kan bli betre

I intervju med dei tilsette fortel dei at dei har som mål at ungane skal vere meir imøtekommande i mot kvarandre, slik som dei vaksne. Dei seier og at dei kan vere meir bevisste og flinkare til å rettleie barna i å snakke anerkjennande.

Barna står opp for kvarandre, hjelper kvarandre og hentar ein vaksen ved behov.

God praksis:

Vurderarane har sett fleire situasjonar der barna har delt leikar med kvarandre og der dei store hjelte dei små. I intervju med dei tilsette har me spurd når barna hentar dei vaksne. Tilsette svarer at barna hentar dei når dei vil vere med i leiken, når barna er utestengt i leiken, når barna treng hjelp til å løyse konflikt, eller når dei treng praktisk hjelp.

Barna erfarer at dei tilsette grip inn ved plaging og utestenging i leik.

God praksis

Barna seier i intervju at dei av og til går til dei vaksne når dei blir plaga eller utestengt.

Praksis som kan bli betre

Barna seier i intervju at dei kan få kjeft og at dei må gå å sitte i gangen viss dei er sure og at dei kan komme inn igjen når dei er glade.

I ståstadsanalyse og i påstandsskjema kan me lese at dei tilsette har delte meiningar om korleis dei følgjer opp utestenging og plaging.

13. I vår barnehage støttar vi barna i å finne løysingar i konfliktsituasjonar	50%	50%	0%	0%	
14. Personalet i denne barnehagen førebyggjer diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster	66.7%	33.3%	0%	0%	
15. Personalet i denne barnehagen stoppar diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster	66.7%	33.3%	0%	0%	
16. Personalet i denne barnehagen følgjer opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster	33.3%	66.7%	0%	0%	

Frå ståstadsanalysen

Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap

Rammeplan for barnehagen, side 22

Tilsette legg til rette for/set i gong inkluderande aktivitetar/leik med særleg fokus på barn som treng støtte og rettleiing observasjon.

God praksis:

Vurderarane har sett fine aktivitetar/leik som dei vaksne hadde planlagd. Dei vaksne var godt førebudde og hadde med utstyr til leiken. Me har og sett at personalet deler barnegruppe i mindre grupper. Dermed er det lettare for personalet å veilede leiken. I

intervju fortel dei tilsette at dei deler barnegruppa på tvers av alder og kjønn, og at dei lager fellesprosjekt for å få til å inkludering.

Praksis som kan bli betre:

Vurderarane har sett situasjonar der dei vaksne har avslutta aktivitetar som barna hadde starta, utan at alle barna fekk høve til å delta.

Tilsette har eit inkluderande språk prega av omsorg, respekt og anerkjening, overfor barn, foreldre og kvarandre

God praksis

I intervju fortel dei tilsette at dei føler dei er imøtekomande, og at dei snakkar høflig til både store og små. Dei meiner at dei ikkje berre sei nei til barna men at dei forklarar grunnen for eit eventuelt nei. Dette er eit utsegn som vurderarane kan bekrefte. Me har høyrte eit rolig, blidt og anerkjennande språk.

Praksis som kan bli betre.

I påstandsskjemaet kan ein lese at personalet har ulike oppfatningar om kor vidt dei har eit inkluderande språk.

I intervju seier dei tilsette at dei kan vere meir bevisste på korleis dei snakkar med barna og at dei kan vere meir bevisst rundt barna som, kan hende, treng å lære meir om korleis ein snakkar med barn for å få dei med i leiken.

På foreldremøtet kom det fram at det har vore tilfelle der foreldra har fått ein reaksjon som var vanskelig å takle, der personalet kanskje har gått i forsvar..

Tilsette vekslar mellom å vera støttande, deltakande og tilbaketrekte, men likevel tilgjengelege for barna

God praksis:

Vurderarane såg mange tilsette som var støttande og deltakande, som var "på".

I intervju spurde me dei tilsette korleis dei veit kva tid dei må vere støttande og kva tid dei kan trekke seg tilbake. Tilsette svarte at det må vurderast i forhold til situasjonen. Det oppstår situasjonar der ein til dømes, kan gå inn leiken, få leiken til å fungere og gå ut igjen. Det er og situasjonar der ein er ein del av leiken og der ein ikkje kan trekke seg ut. Dei fortel at dei observerer leiken og kan gripe inn i forkant. Tilsette seier at dei kjenner ungane og veit kven som treng støtte.

Praksis som kan bli betre

I barneintervju er barna ueinig når me spør dei om dei vaksne er med i leiken. Nokre svarer at dei vaksne står og pratar, andre seier : "veldig faktisk" og at dei leiker gøymsele med dei vaksne

Påstandsskjemaet viser at dei tilsette er delt i meiningar om kor mykje dei støtter barna i å ta andre sitt perspektiv, støtter dei i å reflektere over eigne meiningar og støtte i forhold til å sette grensar.

Tilsette observerer leiken for å kunne rettleia barna og bidra til å utvikle leiken

God praksis

I intervju fortel dei tilsette at det er lettast å observere når ein ikkje har ansvar for aktiviteten, t.d. i samlingsstund. Dei seier og at vert lettare å observere barna i uteleiken og i små grupper. Personalet bruker forskjellige metodar, alt etter kva ein vil observere. Dei bruker bl.a. løpande protokoll og praksisforteljingar.

Dei bruker praksisforteljingar til å drøfte observasjonane med kollegaer. Drøftingar føregår i personalmøter og i ped.leiarmøte. Personalet kan og drøfte det med kollegaer i løpet av dagen, ut i frå kva ein må drøfte og avhengig kven du snakkar med.

Praksis som kan bli betre:

Me har sett døme der den vaksne ikkje utviklar, men stoppar leiken.

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagelova §1

Foreldre opplever at barnet deira er inkludert og har nokon å leike med i barnehagen

God praksis:

På foreldremøte var alle einige om at dette er veldig bra. Foreldra opplever at oppdelinga i grupper fungerer bra, og at personalet er medvetne om å ikkje nytte bestevenomgrepet. Dei skifter også på gruppesamansettinga. Også bra at heile barnegruppa kan vere samla ein del, slik at alle vert kjende med alle. Også dei minste i barnehagen kjenner alle.

I samtale med borna vert dette stadfesta. Dei har mange venner og leikar litt med alle.

Praksis som kan bli betre:

Vi har observert at born vert ulikt møtt om morgonen, medan nokre born får merksemd, vert ikkje andre sett av vaksne. Men andre born involverer seg og tek kontakt.

Foreldre kjem med tilbakemeldingar, og tilbakemeldingane vert handsama med respekt

God praksis:

På foreledremøte var det semje om at dette stort sett er veldig greitt. Dei tilsette opplyser at tilbakemeldingar er mykje munnleg, men at beskjedar/tilbakemeldingar vert skrive inn i ei kalenderbok, etter kvar det handlar om. Ein nyttar også lappar på dør på kjøkkenskapet for å hugse ting.

Praksis som kan bli betre:

Foreldra fortel om ulik praksis der nokon har fått reaksjonar frå tilsette som kan vere vanskelege å takle.

Barnas trivsel, leik, læring og utvikling er tema i samtalar og møte mellom barnehagen og føresette

God praksis:

Foreldra stadfester i møte at dei får veldig god informasjon om trivsel. leik, læring og utvikling, både i kvardagen og i planlagte samtalar. Dei påpeikar fin oppfølging i kvardagen. Vi observert fine samtalar ved henting med informasjon om hendingar i løpet av dagen. Vidare såg vi at tilsette oppmoda barnet om å fortelje kva dei hadde gjort på. Facebook-sida er bra med informasjon og bilete, opplyste foreldra.

Praksis som kan bli betre:

Foreldreundersøkinga frå 2016 viser at foreldra har ulike oppfatningar om kor fornøyd dei er med måten personalet møter dei ved henting.

Foreldra fortel at det er litt ulikt kva informasjon ein får om ungen. Det er litt personavhengig. Medan nokre får informasjon uoppfordra, må andre spørje. Utan Facebook-sida ville ein vite litt lite. Foreldra skjønar at det kan vere situasjonsbestemt kva informasjon dei får. Ting kan ha skjedd. Og så er det forskjellig behov for informasjon.

Foreldre og tilsette jobbar saman for å utvikle ein inkluderande barnekultur slik at alle barn får delta i leiken

God praksis:

Dette var tema på foreldremøte i september 2017 der det kom mange gode forslag om korleis foreldra kunne medverke til at alle barn i barnehagen skulle vere inkludert.

På foreldremøte i vurderingsveka fortel foreldra at dei arbeider med besteven-omgrepet i heimen, at ein ikkje skal bruke det ordet slik at det kan verte negativt. Heimane har vorte meir medvetne å snakke om alle i gruppa, og at ein nemner fleire når ein spør kven ungane har leika med. Når ungane vert eldre vert det meir besøk til kvarandre. Dei har Facebook-side for foreldre i Holmedal, og mange er flinke til å legge ut invitasjon til å vere med på ting, der alle i bygda er inviterte.

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon.

Rammeplan for barnehagen, side 37


Det er sett av tid på alle møte til å drøfte og reflektere over praksis.

God praksis

Personalet fortel at praksisforteljingar vert nytta på alle møte, både personalmøte, planleggingsdagar og pedmøte. Det vet diskutert og reflektert. Til møta er alle førebudde og har tenkt gjennom det dei skal drøfte.

Praksis som kan bli betre

I ståstadsanalysen svarar halvparten av dei tilsette at vurderinga av pedagogisk praksis er tilfredstillande, medan den andre halvparten meiner den bør forbetrast eller at tiltak er naudsynt.



Også oppsummeringa av påstandsskjemaet syner at tilsette meiner det er eit potensiale for å verte betre på å drøfte og reflektere over praksis.

Ny kunnskap og innsikt fører til endring av praksis. Endring av praksis vert følgt opp.

God praksis:

Barnehagen har arbeidd med beste praksis på fleire fokusområde saman med andre barnehagar i Askvoll og Hyllestad. Det siste dei har arbeidd med er lesegrupper. Vi ser på vekeplanen at dei har tidfesta lesinga.

Dei tilsette seier at det her har vorte ei endring. Dei tilsette meiner også at arbeidet med økter i Språkløyper har gjort dei meir medvetne om korleis dei arbeider med språk.

Vi har observert at dei har lært, endra praksis og held fast på praksis. Det gjeld utdeling av frukt to gonger om dagen for dei små, ein gong før dei går ut. Dette ser dei gjev ungane meir energi.

Dei tilsette har kompetanse på å avdekke, stoppe, handtere og følgje opp krenkande handlingar og uheldige sampelsmønstre

God praksis

Dei tilsette meiner dei har kompetanse, men at det er vanskeleg å sette ord på det dei kan
Praksis som kan bli betre

Tilsette vil gjerne vite meir og meiner dei kan bli betre. Dei tykkjer samtalanene med born om punkta i teiknet er vanskelege.

Dei tilsette meiner at ein alltid må stille spørsmål om ein gjer det rett og at framgangsmåtane må vere ulike. Det er viktig å kjenne kvar unge og bruke framgangsmåte tilpassa ungane. Dei er ulike og responderer ulikt på tilnærmingar. Det er ein evig læringsprosess.

Alle opplever støtte og rettleiing frå næraste leiar

God praksis:

Dei tilsette seier at styrar sit på mykje kompetanse. Døra hennar er alltid open, og ho er flink til å formidle kunnskapen og kompetansen ho har. Spør dei tilsette om noko, får ho dei til å tenkje. Om dei treng å spørje om noko, har dei også ped.leiarane som er veldig flinke.

7. Idear til vidare arbeid

Utviklingsområde	Idear
Lærande organisasjon	Kompetanse i barnesamtalar
Samarbeid med foreldra	Lage rutiner for at informasjonen til foreldra vert gjeve av siste vakta.
Tilsette	Finne ein felles strategi der de bestemmer korleis de skal følgje opp utestenging og plaging.
Fysisk miljø	Bygge ny barnehagen.

9. Vidare arbeid

Innan ein månad etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein månad etter vurderinga skal barnehagen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom tilstandsrapporten skal barnehagar rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til barnehagane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Holmedal, den 21.mars 2018

Marie Hendrix
Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Åsmund Berthelsen
Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Vedlegg:

Deltakarar i vurderinga

Interne: Born i barnehagen, foreldre på foreldremøte og alle tilsette.

Eksterne: Vurderar frå Oppvekst og utdanning i HAFS, Marie Hendrix og Åsmund Berthelsen

Temaet gjeld alle aktørane i barnehagen og alle må difor gje informasjon og ha høve til seie meiningane sine.

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og fire dagar i barnehagen. I små barnehagar kan det verte brukt mindre tid, men avhengig av temavalet.. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Tidsplan for heile prosessen;

Tid	Tiltak	Ansvar
Veke 1	Gjennomføring av ståstadsanalyse eventuelt andre undersøkingar. Prosess for val av tema.	Styrrar
Veke 4	Tildeling av vurderarar	Region v/utviklingsleiar
Veke 5	Barnehagen sender over relevante planar og dokument.	Styrrar
Veke 5	Barnehagen sender forslag til kvalitetsmål og teikn på god praksis (framtidsbilete)	barnehagen
Veke 6	Vurderarane godkjenner framtidsbilete.	Vurderarane/styrrar
Veke 11	Barnehagen fekk påstandsskjema for utfylling av tilsette	Vurderarane
Veke 10	Informasjon til foreldre saman med framtidsbilete	Vurderarane
Veke 12	Retur av utfylte påstandsskjema.	Styrrar/tilsette
Veke 12	Vurderingsveka (sjå eigen tidsplan) Foreldremøte Observasjonar Intervju med born, tilsette og styrrar Onsdag: Framlegging av førebels rapport til styrrar. Presentasjon av førebels rapport for personalet, barnehageeigar og representantar for foreldre.	Styrrar

Tidsplan:

Måndag:	08.00 - 15.45. Observasjon ute og inne. Delta på teater (Himmelspringaren) Barneintervju.
Tysdag	08.00 - 14.45 Observasjon ute og inne. 17.00 - 19.00 Møte med personalet 19.30 - 20.30. Møte med foreldra
Onsdag	08.00 - Arbeid med rapport. 15.00 - Framlegging for styrrar. 17.00 - Framlegg for personalet, eigar og foreldre.

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

Ståstadsanalyse

Verktøyet er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet og er eit prosess- og refleksjonsverktøy som skal sette i gang utvikling og forbetring på den einskilde barnehagen. Analysen vert nytta for å velje ut tema for vurderinga.

Dokumentanalyse

Barnehagen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

Påstandsskjema

I forkant av vurderingsveka sende vurderarane ut påstandsskjema til dei tilsette der dei skulle vurdere eigen praksis.

Observasjon

I denne vurderinga er observasjon mykje nytta, både av aktivitet inne og ute. Vurderarane har vore med på aktivitetar, både på teater og på tur.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderarane samtaleguidar for samtalar med dei tilsette, borna og foreldra.

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i barnehagen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

Samtaleguidar og skjema

Samtaleguide for borna
Samtaleguide for foreldra
Samtaleguide for personalet
Observasjonsskjema
Påstandsskjema

Samtaleguide born - Holmedal barnehage - vurdering veke 12

Tema: Det er eit inkluderande barnehagemiljø

Korleis har du det i barnehagen?

Kva likar du best å gjere på i barnehagen?

Kva likar du best å leike?

Er dei vaksne med å leike? På kva måte?

Kva gjer de når nokon av dei andre borna er lei seg? Blir plaga? Ikkje får vere med å leike?

Hender det at nokon ikkje vår vere med å leike, eller på noko anna de held på med?

Har du mange vener i barnehagen?

Kva gjer dei vaksne om nokon ikkje våre vere med i leiken eller vert plaga?

Spørsmål til foreldremøtet , vurdering Holmedal 2.

- Fra foreldreundersøkelse frå 2016 går det fram at foreldra har ulike oppfatningar om kor fornøyd de er med måte personalet møter dere ved henting. Kan de utdjupe dette litt?

- På foreldremøtet i sept. kom de med mange gode forslag om korleis de som foreldra kunne bidra til at alle barn i barnehagen skulle verte inkludert i leiken. Korleis har de fylgd opp dette?

Drøft følgjande påstandar:

1. Foreldre opplever at barnet deira er inkludert og har nokon å leike med i barnehagen.
2. Foreldre kjem med tilbakemeldingar, og tilbakemeldingane vert handsama med respekt.
3. Barnas trivsel, leik, læring og utvikling er tema i samtalar og møte mellom barnehagen og føresette. Foreldre og tilsette jobbar saman for å utvikle ein inkluderande barnekultur slik at alle barn får delta i leiken.

Spørsmål til tilsette Holmedal Barnehage:

Kvalitetsmål barna:

1. Kan de fortelje litt om når barna hentar dykk for å få hjelp?

Kvalitetsmål tilsette:

2. Kan de fortelje korleis de legg til rette for inkluderande aktivitetar?
3. Korleis medverkar de til at alle vert med i leiken?
4. Kan de drøfte omgrepet; inkluderande språk.
5. Korleis står det til hos dykk i høve inkluderande språk?
6. Er det noko som må endrast for å få alle til å snakke anerkjennande?
7. Korleis veit de når de må vere støttande og når de kan trekke dykk tilbake
8. Når har de høve til å observere barna?
9. Kva metodar bruker de?
10. Kva tid drøfter de resultatane av observasjonane og kven drøfter de dei med?

Kvalitetsmål foreldra:

11. Korleis formidlar de beskjeder de får av foreldra

Kvalitetsmål organisasjon

12. Korleis reflekterer og drøfter de praksisen
13. Har de døme der ny kunnskap (eller innsikt) har ført til varig endring av praksis?
14. Korleis står det til med eller kva meiner de om dykkar kompetanse til å avdekke, stoppe, handtere og følgje opp krenkande handlingar og uheldige samspelsmønstre?
15. Korleis står det til med rettleiing og støtte frå nærmaste leiar?

Påstandsskjema Holmedal barnehage vurdering mars 2018

Set kryss i ruta som passar deg.

Påstand	samd				usamd	Veit ikkje
	1	2	3	4	5	
Eg syter for at alle barn får oppleve demokratisk deltaking og medverknad.						
Eg prøver å gi barna felles erfaringar og synleggjer verdien av fellesskap.						
Eg reflekterer over eigne haldningar til likeverd og likestilling.						
Eg førebyggjer mobbing og er bevisst på det ansvaret vaksne har, dersom det skjer.						
Eg reflekterer rundt faglege og etiske problemstillingar.						
Eg bidreg til at alle kjem inn i leiken.						
Eg er bevisst på at eg må vere tilgjengeleg for barna.						
Eg tar meg tid til samtale med barna.						
Eg har nok tid til samtale med barna.						
Eg møter barna med respekt og likeverd.						
Eg er fleksibel og imøtekomande ovanfor einskildbarn og deira behov.						
Eg følgjer opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster.						
Eg jobbar for at alle barn erfarer at dei er viktige for fellesskapet.						
Eg støttar barna i å finne gode løysingar i konfliktsituasjonar.						
Eg oppmuntrar barna til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagen.						
Eg jobbar for at foreldra får medverke.						
Eg synes planlegginga bidreg til progresjon for enkeltbarnet og barnegruppa.						
Eg inkluderer alle barn i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet.						
Det er sett av tid til drøfting på personalmøte						
Eg planlegg og legg til rette for progresjon i barnehagens innhald for alle barna.						
Eg bidreg til at alle barn får ein god barndom prega av trivsel, vennskap og lek.						
Eg støttar alle barn i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine følelsar.						

Om eit barn i denne barnehagen opplever krenkingar eller mobbing, vil eg handtere, stoppe og følgje opp dette.						
Eg syter for at kvart einaste barn erfarer å vere i positivt samspel med andre barn og vaksne						
Eg syter for at alle barn får oppleve vennskap og lære å halde på venner.						
I vår barnehage samtalar vi om normer for samhandling og inviterer barna til i fellesskap å utforme normer for samhandling.						
Eg støttar barna i å ta andre sitt perspektiv og sjå ei sak frå fleire synsvinklar.						
Eg støttar barna i å reflektere over eigne og andre sine følelsar, opplevingar og meiningar.						
Eg støttar barna i å setje eigne grenser og respektere andre sine grenser.						
Eg får rettleiing og fagleg støtte av leiinga.						
I vår barnehage fører ny kunnskap og innsikt til endring av praksis						
Eg observerer leiken.						
Eg legg til rette for inkluderande aktivitetar						
Eg seg i gong inkluderande leikar						
Eg legg til rette for aktivitetar/leikar med særleg fokus på barn som treng støtte og rettleiing						
Eg har eit inkluderande språk						